



# Midt-Telemark kommune

Forskrift 07.12.2020 om godtgjersle  
for folkevalde i Midt-Telemark kommune

Vedtatt av Midt-Telemark komunestyre  
den 07.12.2020.

A white line-art illustration on a blue background depicting a community scene. It includes a sun, mountains, trees, a bicycle, a train, a boat, a house, a school building, a church, a shopping cart, a fork and spoon, a coffee cup, and various other buildings and structures.

VI SKAPAR  
FRAMTIDA  
SAMAN



## Forskrift 07.12.2020 om godtgjersle for folkevalde i Midt-Telemark kommune

**Heimel:** Vedtatt av Midt-Telemark kommunestyre den 07.12.2020 med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) §§ 8-3, 8-4, 8-6, 8-7, 8-8, 8-9, 8-10.

### Kapittel 1: Allmenne Føresegner

#### § 1 Formål

Forskriften skal legge til rette for brei rekruttering til politiske verv gjennom økonomiske ordningar som gjør det mogleg for alle å delta i lokalpolitikken. Forskriften skal bidra til å legge arbeidsforholda til rette for dei folkevalde i Midt-Telemark kommune, og skal forenkle arbeidet for administrasjonen.

#### § 2 Virkeområde

Forskriften omfattar valde medlemmar og varamedlemmar i alle faste kommunale organ vald av kommunestyret.

### Kapittel 2: Dekking av utgifter og økonomisk tap

#### § 3 Rett til dekning av utgifter og økonomisk tap

Den som har et tillitsverv i Midt-Telemark kommune har krav på:

- skys-, kost- og overnattingsgodtgjersle for reiser i forbindelse med vervet
- dekning av utgifter som følge av vervet, også utgifter til andre for å utføre nødvendige arbeidsoppgåver, barnepass og andre omsorgsoppgaver ein i forbindelse med utførelsen av vervet ikkje sjølv kan utføre
- tapte arbeidsinntekter på grunn av møte i folkevalde og andre kommunale organ.

#### § 3-1 Dekning av tapt arbeidsforteneste

- Ulegitimerte krav blir dekt etter ein timesats på kr 150, avgrensa til 7.5 timar pr dag. Ulegitimert tapt arbeidsforteneste blir dekt mellom kl. 08.00 og kl. 16.00.
- Legitimerte krav blir dekt med ein timesats på inntil kr. 500 per time, med maks kr 3.000,- pr dag.





Sjølvtendig næringsdrivande må dokumentere kravet med attestasjon frå likningskontor over nettoinntekt. For andre der det som følgje av vervet blir gjort frådrag i løn, skal det leggast ved dokumentasjon frå arbeidsgjevar.

Krav om vederlag for tapt arbeidsforteneste må sendast elektronisk til kommunen månadleg, eller kvartalsvis, men seinast innan 30. november. Kravet vert utbetalt ved fyrste ordinære lønsutbetaling i kommunen.

### § 3-2 Skyss og kostgodtgjersle, kommunelova § 8-3

Folkevalde som representerer kommunen på kurs, møte o.l., får kostgodtgjersle og dekkja reise og opphaldsutgifter i samsvar med kommunen sitt reiseregulativ. Likeins tapt arbeidsforteneste. For reiser over 5 km ein veg blir kosnadene dekt etter kommunalt reiseregulativ. Krav om skyssgodtgjersle mv. skal sendast elektronisk til kommunen månadleg eller kvartalsvis, men seinast innan 30. november kvart år.

## Kapittel 3: Fast godtgjersle

### § 4. Leiarar i faste utval og kontrollutvalet

Leiarane i faste utval, Plan teknikk og næring PTN, Helse og velferd HV og Oppvekst og kultur OK og kontrollutvalet får ei fast godtgjersle på 17 000 kr i året.

### § 5. Leiarar i faste råd

Leiaren i for eldreråd og råd menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsrådet, viltnemnda, valnemnda, skattetakstnemnda og klagenemnda for eigedomsskatt får ei fast godtgjersle på 10 000 kr i året. Leiaren i for eldreråd og råd menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsrådet, viltnemnda, valnemnda, skattetakstnemnda og klagenemnda for eigedomsskatt får ei fast godtgjersle på 10 000 kr i året.

### § 6. Ordførar

Arbeidsgodtgjersla til ordføraren skal vere lik 80 % av den faste godtgjersla til stortingsrepresentantane med fråtrekk av eit teknik trekk på kr. 26.730,-. Godtgjersla skal regulerast på det same tidspunktet som for stortingsrepresentantane.

Godtgjersla skal omfatte alt arbeidet som vert tillagt vervet. Ordføraren får ikkje møtegodtgjersle eller dekking av tapt arbeidsforteneste.

Ordføraren følgjer den til ei kvar tid tilrådde ordninga frå KS når det gjeld pensjon.

### § 7. Varaordførar

Den faste godtgjersla til varaordføraren er 20 % av ordføraren si godtgjersle. Godtgjersla





omfattar alt arbeidet som vert tillagt vervet, varaordføraren får dermed ikkje møtegodtgjersle eller dekking av tapt arbeidsforteneste.

Varaordfører får godtgjersle og møtegodtgjersle i dei utvala han/ho blir vald inn i på lik line med andre medlemmar/leiarar. Ved sjukemelding frå ordførar trer varaordfører inn i ordførars stad og mottak ordførarløn.

### § 8. Ettergodtgjersle

Avtroppande ordførar har krav på godtgjersle ut månaden etter konstituerande kommunestyremøte og påfølgande månad. Ordførar som ikkje kan vende attende til tidlegare arbeidstilhøve etter avgang, har krav på den faste godtgjersla inntil den datoen vedkomande tek til i nytt arbeidstilhøve eller fyller 67 år, men ikkje lenger enn 3 månader etter konstituerande kommunestyremøte.

Ein vil ikkje motta andre ytingar (t.d. møtegodtgjersle) i perioden ein får ettergodtgjersle for hovudstilling.

### § 9. Rett til sjukepengar, yrkesskade og permisjon

Ordførar som har vervet som si hovudstilling har same rettar til sjukepengar som tilsette i kommunen, ytingar i samband med yrkesskade og permisjon, jamfør kommunelova § 8-8, § 8-9 og § 8-10.

Ordføraren opprettheld den faste godtgjeringa for ein periode i samsvar med det som gjeld for fast tilsette i kommunen når det gjeld godtgjering under sjukdom.

Det skal ytast sjukepengar til ordførar og varaordfører, som mottak godtgjering i arbeidsgjevarperioden, dei fyrste 16 dagane. I tillegg dekkjer Midt-Telemark kommune mellomlegget av dokumenterte sjukepengar frå NAV og den godtgjering ein har i sitt verv i inntil 50 veker. Ein dekkjer likevel ikkje mellomlegget av dokumenterte sjukepengar frå NAV og den godtgjeringa ein har i sitt verv ut over 100 % stilling (dette inkluderer stillingar hjå andre arbeidsgjevarar). Sjukepengar vert ikkje utbetalt utover den perioden ordførar og varaordfører mottak godtgjering for.

### Forsikring

Ordføraren vert meld inn i den faste gruppelivsforsikringa som gjeld for fast tilsette i kommunen. Dei etterlata vil, dersom ordføraren går bort i valperioden, bli omfatta av dei same ordningane som til ei kvar tid gjeld for etterlata etter fast tilsette.

### Telefongodtgjersle

Ordføraren får dekt alle telefon-og nettbrettsutgifter. Ordførar er pålagt å bruke kommunens til ein kvar tid gjeldande avtale.





### Tvist

Ved konflikter eller tvistesituasjoner, der ordføreren som politisk leiarar er involvert, kan ordføreren la seg bistå av eigen representant. Ordføreren avgjer sjølv kven som skal vere representanten. Kostnadene ved dette vert dekte av kommunen, innom rimelege grenser.

## Kapittel 4: Møtegodtgjersle

### § 10 Satsar for møtegodtgjersle

- a. For formannskapet og kommunestyret: 900 kr per møte
- b. For hovudutvala, kontrollutvalet: 550 kr per møte
- c. For andre utval og råd: 550 kr per møte
- d. For vararepresentantar som møter til enkeltsaker: 550 kr per møte
- e. For tidsavgrensa utval blir det utbetalt ei godtgjering på kr 550,-pr. møte. Leiar av tidsavgrensa utval får kr. 600,-per møte
- f. Om nestleiar eller setteleiar leiar møte : 1 ekstra møtegodtgjersle.

### § 11 Betaling refusjon

Generelt vert det ikkje utbetalt meir enn ei møtegodtgjersle pr. dag. Møtegodtgjersle vert som hovudregel utbetalt automatisk.

### § 12 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 07.12.2020.

